



Midt-Telemark Arbeiderparti

Program for Midt-Telemark Arbeiderparti
2020-2024 - VISJON 2030



**Vi tror på et samfunn
hvor alle skal med.**

Gjør du?





METTE HAUGHOLT, MIDT-TELEMARK ARBEIDERPARTI

Jeg ønsker å bli ordfører i Midt-Telemark kommune

For å bygge en fremtidsrettet og inkluderende kommune i Midt-Telemark trengs det en tydelig leder. Det vil jeg være, og derfor vil jeg bli ordfører ved høstens valg.

Jeg vil bygge den nye kommunen med sterkere fellesskap i bunn, fordi samfunnet er best når vi løser de store oppgavene i fellesskap.

Som den eneste av ordførerkandidatene har jeg fulgt prosessen fra intensjonsavtale til etableringen av ny kommune. Jeg har erfaringen som skal til for å fullføre dette viktige arbeidet.

Jeg vil fortsette arbeidet for at Midt-Telemark kommune skal oppleves som et attraktivt sted å bo, leve og arbeide og ikke minst besøke.

Sammen skal vi jobbe for å hindre økte forskjeller!

Enig? Stem Arbeiderpartiet!

Midt-Telemark Arbeiderparti sin politikk er tufta på arbeidarrørsla sine ideal og sosialdemokratiet sitt verdisyn og fordelingspolitikk.

Arbeidarpartiet sitt landsmøte har vedtatt følgjande 5 satsingsområde nasjonalt:

- ✓ Eit seriøst og anstendig arbeidsliv
- ✓ Klimavenleg lågutsleppssamfunn
- ✓ Trygg oppvekst for borna våre
- ✓ Eldrepolitikk som gjev moglegheit til å vere sjef i eige liv
- ✓ Rause og inkluderande samfunn



Frå 1. januar 2020 er Bø og Sauherad kommunar historie og me blir da samla i den nye Midt-Telemark kommune. Det blir ei spennande og utfordrande tid framover med å smelte saman desse to gamle kommunane til ein ny velfungerande kommune som kan gje enda betre tenester til innbyggjarane sine.

Arbeidarpartiet vil i politikken sin byggje vidare på alle dei sterke sidene som i dag er i Bø og Sauherad. Vidare vil me prioritere dei områda som me meiner ikkje er gode nok.

Me vil føre ein politikk som gjer at folk ønskjer å bu her, samt at andre vel å flytte hit!

MIDT-TELEMARK ARBEIDARPARTI VIL:

- At kommunen skal vere eit kraftfullt regionsenter i Telemark.
- Gje innbyggjarane så gode og rette tenester som mogleg når dei treng dei.
- At næringslivet finn det attraktivt å drive verksemda si i kommunen og at nye etablerarar viser interesse.
- At Gullbring skal vere storstua vår.





I 2030 er Midt-Telemark kommune eit regionssenter i Vestfold og Telemark Fylkeskommune med vekt på berekraftige kompetansearbeidsplassar. Universitet og forsking er drivkrefter for kommunens leiarskap ved å ivareta klimaløysingar innanfor alle sektorar. Kommunen er den største landbrukskommunen i Telemark og tar del i ansvaret for å trygge matvaresikkerheita trass i klimautfordringane. Me er ein av dei kommunane som veks mest i folketal, og i talet på nye arbeidsplassar. Kommunen har god tilgang på tilrettelagte næringsområde. Både industri, handel og turisme har gode vekstvilkår i Midt- Telemark. Dette er utfordrande i høve til jordbruksareala, men med ei god handheving av jordvern og tettstadsgrenser har vi fått levande og attraktive sentra i Bø og på Gvarv



MIDT-TELEMARK ARBEIDARPARTI VIL:

- Sørge for at Midt-Telemark kommune bidrar til det grøne skifte ved å prioritere fornybar energi som f.eks solenergi, bioenergi mv på offentlege bygg og annan infrastruktur, ladestasjonar for bil og leggje til rette for nullutsleppsbygg og plusshus.
- Auke matvaresikkerheita ved å oppretthalde og vidareutvikle både små og store bruk i kommunen, og vere ein aktiv pådrivar for å utvikle nye produkt, ta i bruk nye dyrkings- og gjødslingsmetodar med mål om å vere i forkant av klimaendringar.
- At kommunen skal vere ein offensiv og god støttespelar for universitetet, forskingsmiljøet og næringslivet.
- Sørge for å leggje til rette for vekst i næring og arbeidsplassar ved å ha gode og attraktive næringsområde tilgjengelege.
- Leggje til rette for at Bø held fram med å vidareutvikle seg som regionalt handelssentrumsamtidig som me vil utvikle Gvarv som lokalsenter.
- Leggje til rette for auka turisme gjennom å sørge for god infrastruktur.





I 2030 er bygdene rundt levande med aktive lag og organisasjoner som held liv i dugnadsånda og gjer at folk trivst og kjenner sterkt samhald. Kommunen er flink til å integrere flyktningar, med fokus på språk, utdanning og arbeid. Eldre og funksjonshemma bur heime eller i kommunale omsorgsboligar i eller nær sentrum. Kommunen har eit tett samarbeid med frivillige og har fokus på folkehelse og kvardagsrehabilitering. Dei som har ekstra utfordringar trivst i dei kommunale institusjonane som har gode tenester også innanfor rus og psykiatri.

MIDT-TELEMARK ARBEIDARPARTI VIL:

- Satse på kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi med menneske i sentrum.
- Sørge for at heimebuande eldre får hjelp til å vedlikehalde helseteknisk utstyr på lik linje med medisinsk oppfølging, dersom dei har behov for det.
- Samarbeide med og støtte opp om lokale lag og organisasjoner.
- Leggje til rette for å ha Frivilligsentral både på Gvarv og i Bø.
- Satse på og leggje til rette for gode møteplassar for eldre.



I 2030 trivst borna med å vekse opp i kommunen. Gode samarbeidsvilkår mellom barnehage, skule, SFO, kulturskulen og idrettslag er med på å leggje til rette for dette. Samtidig er ein bevisst på at den frivillige innsatsen er viktig, både for dei organiserte aktivitetstilboda og for den ungdommen som berre ønskjer ein stad å møtast. Den offentlege grunnskulen står støtt i kommunen og ungdommen har eit godt vidaregående skuletilbod i kommunen og regionen.

MIDT-TELEMARK ARBEIDARPARTI VIL:

- Bygge ny barne- og ungdomsskule på Gvarv, deretter ny ungdomsskule i Bø
- Lytte meir til ungdommen gjennom aktive ungdomsråd.
- Starte prøveprosjekt med gratis timebuss for dei mellom 13 og 18 år.
- Sette ein makspris på SFO, med mål om å komme ned til barnehagenivå innan 2024.
- Søke om å få ei forsøksordning med heildagsskule.
- Jobbe for å utvide tilboden til ungdommen der det er for dårleg i dag, for eksempel innanfor motor/verkstad og data





I 2030 er Midt-Telemark kommune ein attraktiv kommune å busette seg i. Me er blant dei leiande kulturkommunar i landet. Det er eit godt utval av tomtar og eit variert og kompetansesegjenvande arbeidsliv. Kommunen arbeider aktivt for å vere ein grønare plass å bu og virke, og dette gjer Midt-Telemark kommune konkuransedyktig. Dersom du vel kort veg til gode turområde i nærmiljøet, på fjellet eller om du vil vere på ellers ved vatnet: Midt-Telemark har det!

MIDT-TELEMARK ARBEIDARPARTI VIL:

- At Gullbring kulturanlegg skal ha eit høgt aktivitetsnivå med eit vidt spekter av tilbod.
- Leggje til rette for den frivillige og organiserte innsatsen innanfor kultur og friluftsliv gjennom samarbeid og ved å ha tydelege mål og planar.
- Fortsette utbygging av G/S-vegane mellom dei forskjellige sentra i kommunen.



I 2030 har dei tilsette i kommunen høg kompetanse og me har sterke fagmiljø. Det er attraktivt å jobbe i Midt-Telemark kommune fordi tenestetilbodet er utvikla i samarbeid med dei tillitsvalde der nærheit til jobb, heiltidskultur og lærlingar er viktige ressursar. Universitets- og forskingsmiljøa er aktive samarbeidspartnarar for kommunen og næringslivet. Kollektivtilbodet både internt i kommunen og ut til omverda er med på at me tiltrekker oss kompetanse og gjer det enkelt for pendling.

MIDT-TELEMARK ARBEIDARPARTI VIL:

- Leggje til rette for livslang læring blant kommunens tilsette.
- At kommunens økonomi er berekraftig slik at vi kan gjere framtidige og nødvendige investeringar.
- Bruke Telemarksmodellen for eit seriøst arbeidsliv.
- Etablere eit innkjøpsreglement som i størst mogleg grad styrker kortreiste og lokale produkt.
- Utvikle eit godt kollektivtilbod innad i kommunen.
- Arbeide for opprusting av RV 360 og Fv 555 Klevarsida.
- At togtilbodet på Sørlandsbanen og Bratsbergbanen fortsatt skal vere eit godt tilbod.
- Støtte arbeidet med ny høgfartsbane.
- Arbeide aktivt for å få til opprusting av riks- og fylkesvegar.





**For oss i Midt-Telemark er det viktig med
Sven Tore Løkslid som fylkesordfører.**



Dette er viktig for at vi sammen skal skape arbeidsplasser, sammen skal sikre gode veier og bussforbindelser og at vi sammen skal slå ring om vår videregående skole.

Husk å stemme i både kommune- og fylkestingsvalget!



Listekandidater – Kommunevalget 2019

- | | |
|---------------------------------|------|
| 1. Mette Haugholt..... | 1966 |
| 2. Jon Halvor B. Svalbjørg..... | 1966 |
| 3. Karin Hagen..... | 1985 |
| 4. Lisa Dawn Paulsen..... | 1991 |
| 5. Arvid Hagen..... | 1956 |
| 6. Hans Sundsvalen..... | 1949 |
| 7. Inger Marie Dahl..... | 1984 |
| 8. Merete Kaste..... | 1964 |
| 9. Kari Rast Monge..... | 1963 |
| 10. Arne Petter Akseth..... | 1947 |
| 11. Espen Nordli-Eriksen..... | 1967 |
| 12. Roar Bjerkgården..... | 1964 |
| 13. Åshild Øygarden..... | 1952 |
| 14. Heidi Røneid..... | 1970 |
| 15. Mari Anne Jenseter..... | 1952 |

- | | |
|---------------------------------------|------|
| 16. Henry Bråthen..... | 1951 |
| 17. Bjørg Hesthag..... | 1962 |
| 18. Jan Sigurd Pettersen..... | 1955 |
| 19. Berit Astrid Bøhren Grimsrud..... | 1948 |
| 20. Hallvard Ralle..... | 1949 |
| 21. Gunhild Else Kleven Ripegutu..... | 1944 |
| 22. Jostein Bakkåker Fosse..... | 1983 |
| 23. Aud Aasen..... | 1946 |
| 24. Stein-Arne S. Folserås..... | 1992 |
| 25. Silje Taugbøl Forberg..... | 1986 |
| 26. Peter Htun..... | 1989 |
| 27. Anne Kisfoss Anderson..... | 1958 |
| 28. Solomon Sharkor..... | 1961 |
| 29. Sefik Begluk..... | 1962 |
| 30. Benjamin Natanael Selmer..... | 1977 |



**Midt-Telemark
Arbeiderparti**

HOLD DEG OPPDATERT!

f Midt-Telemark Arbeiderparti